



# Møte i fylkesberedskapsrådet 16. til 17. april 2024

**Stad:** Øystese i Kvam herad

**Deltakarar:** Avinor, BaneNOR, Bergen Brannvesen, Bergen kommune, Bjørgvin bispedøme, BKK AS, Helse Bergen, Helse Fonna, Helse Førde, Helse Vest RHF, Hordaland Røde Kors, Hordaland Siviltforsvarsdistrikt, HV-09, HV-11, Kartverket, KS, Kystverket, Linja AS, Mattilsynet Region sør og vest, Meteorologisk institutt, NAV Vestland, NHO Vestland, NVE region vest, PST Vest, Redningselskapet, Sjøforsvaret, Sogn og Fjordane Røde Kors, Sogn og Fjordane Siviltforsvarsdistrikt, Statens vegvesen, Statsforvaltaren i Vestland, Sør-Vest politidistrikt, Telenor, Utlendingsdirektoratet og Vest politidistrikt

## Tysdag 16. april

### Opning av rådet v/Liv Signe Navarsete

Spennet av deltakarar i rådet illustrerer breidda i arbeidet med samfunns- og statstryggleik og beredskap på ein god måte. Det er viktig at dei som arbeider med beredskap veit om kvarandre, og fylkesberedskapsrådet er ein god arena for aktørar å vert kjende med kvarandre. Rapporten frå totalberedskapskommisjonen peikte m.a. på fylkesberedskapsrådet si rolle som ein viktig arena for beredskap og krisehandtering på regionalt nivå.

Dei siste månadane har mange av oss vore involvert i eit breitt spekter av uønskete hendingar, t.d. togulukka i Arna med påfølgjande akutt ureining og fleire uvêrshendingar. Vi lever i verd med mykje spenning, og den tryggleikspolitiske situasjonen har ikkje endra seg til det betre. Sjølv om vi er langt unna krigen i Ukraina, vert vi påverka gjennom til dømes flyktningar som kjem hit.

Alle hendingar skjer i ein kommune. Kommunane er ansvarleg for eit breitt spekter av tenester. Hjø Statsforvaltaren prioriterer vi difor høgt å lytte til kommunane og høyre kva utfordringar dei møter, og å støtte dei i arbeidet.

### Beredskapsarbeid- og utfordringar i ei Vestlandskommune v/Anita Hesthamar, kommunedirektør i Kvam herad

Kvam herad har eit stabilt innbyggjartal på ca. 8500 og med nesten like mange hytter som einebustadar (i hovudsak på Kvamskogen). I eit beredskapsperspektiv er det ei utfordring at hytteturismen, spesielt i påske- og vinterferien, gjer at innbyggjartalet nesten doblast. Hytteturismen legg m.a. eit ekstra press på legetenester. Næringslivet er ein viktig ressurs for kommunen ved uønskete hendingar.

På infrastruktursida er vegnettet ei utfordring. Kommunen har berre fylkesveg som hovudveg og store delar av vegane er skredutsett. FV79 gjennom Kvam er òg omkøyingsveg når E16 vert stengd mellom Bergen og Voss. Det fører tidvis til stor auke i trafikken, som utfordrar framkomstevna i kommunen.

Kommunen arbeider med å revidere heilskapleg ROS-analyse og beredskapsplanen, innføring av nytt krisestøtteverktøy (RAYVN) og har nyleg fått på plass nytt beredskapsrom for kriseleinga.

Kommunen ser samarbeidet med Statsforvaltaren knytt til arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap som positivt.

### **Arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i 2024 v/Haavard Stensvand, fylkesberedskapssjef**

Mellom aktivitetane vi har gjennomført så langt i 2024, er mediehandteringskurs for ordførarar, totalforsvarsøving for ti kommunar og fjellskredøving i Eidfjord. Å ferdigstille Fylkes-ROS og evaluere vêrhendingar har òg prega aktiviteten.

Vi held fram med faste kommunemøte ein gong i månaden. Tema som har vore diskutert i møta det siste året er handtering av mottak av flyktningar, den tryggleikspolitiske situasjonen og oppfølging av uønskte hendingar. Møta er opne for deltaking for deltaking frå andre beredskapsaktørar enn kommunane, og det er høve til å spele inn aktuelle tema/saker.

#### *Evaluering av vêrhendingar*

Vi har gjort ei evaluering av vêrhendingane i vinter. Der vart identifisert oppfølgingspunkt knytt til mellom anna møtestruktur, vegnettet og naudetatane (sjå eigen evalueringsrapport). I møtet vart det presentert korleis desse er planlagt følgt opp overfor aktørane i rådet.

### **Korleis førebu seg på at fjellet raser? Beredskap for fjellskredhendingar i Vestland.**

#### *Geofagleg løypemelding v/Aart Verhage, regionssjef i NVE region vest*

NVE overvakar fleire ustabile fjellparti med moderat og høg risiko. For dei med moderat risiko er det eit system med periodisk overvaking, med målingar minimum éin gong kvar veke. Objekt med høg risikograf vert overvaka kontinuerleg (24/7/365). Overvakingsmetodane er tilpassa kvart enkelt objekt, men vert t.d. gjort ved hjelp av bakkebasert radarmåling og satellittmåling. Ein ny nasjonal rettleiar for fjellskred er under arbeid.

#### *Drøfting*

Det var diskusjon omkring nokre av hovudelementa i beredskapssystema for fjellskred; system for overvaking, befolkningsvarsling og evakuering. Statsforvaltaraen spurde t.d. om fleire aktørar enn det som er definert som hovudaktørane (NVE, kommune, Politiet og Statsforvaltaren) bør inkluderast i arbeidet med fjellskred.

Ei problemstilling som vart diskutert var korleis ein skal handtere ei langvarig evakuering. Politiet er aktøren som har heimel til å bestemme om det skal setjast i verk ei evakuering. I situasjonar der det går lang tid frå iverksetjing til skredet går, kan det vere svært problematisk å oppretthalde evakueringa.

Det vart òg diskutert korleis vi skal greie å ha sikre tilstrekkeleg befolkningsvarsling. Sivilforsvaret spelte inn at det er mogleg å kople tyfonane til sensorane til NVE, slik at ein oppnår rask varsling til befolkninga ved ei akutt hending.

Det vart poengtert at det er viktig at vi held fast ved etablerte rutinar og system, som vi veit fungerer. Det omfattar stole på den geofaglege kompetansen i fagstyresmakta (NVE). Det er likevel viktig å løfte ein del sentrale punkt frå diskusjonen i rådet til nasjonalt nivå.



## **Regionalt samarbeid innan brann og redning i Vestland v/Janicke Larsen, brannsjef i Bergen brannvesen**

Larsen orienterte om konklusjonane i [rapporten Fremtidens brann- og redningsvesen](#). Den er resultatet av ein heilskapleg gjennomgang av brann- og redningsområdet. Eit viktig føremål med arbeidet har vore å sikre eit brann- og redningsvesen som er i stand til å handtere framtidige utfordringar innanfor eige sektoransvar, og i samarbeid med andre naudetatar og beredskapsaktørar. Dei fleste brannvesen manglar i dag ressursar og utstyr for å handtere hendingar som er store, komplekse og langvarige.

I 2018 vart Vest brann- og redningsregion etablert, i eit samarbeid mellom brann- og redningstenestene i Bergensregionen. Gjennom samarbeidet er det etablert faglege nettverk, planverk, deling av kunnskap og erfaring, noko som har gitt positive utslag. Evalueringa av brannsamarbeidet viser at fagmiljøa er styrka. Tilgang til felles fasilitetar for øving og andre felles arenaer, gir auka fagleg tryggleik og kunnskap blant mennesket. Dei som er ein del av samarbeidet yter tenester av høgare kvalitet og skaper ein tryggare kvardag for innbyggjarane.

Skogbrann har vore eit viktig satsingsområde sidan oppstarten av samarbeidet, der mellom anna kommunikasjon til innbyggjarane har vore eit viktig punkt. Etter lærdom av tidlegare hendingar vert det no lagt vekt på å ha eit sameint budskap til innbyggjarane.

## **Felles innsats mot ekstremisme: Betre vilkår for det førebyggjande arbeidet v/Pål Tore Haga, medlem av ekstremismekommisjonen og radikaliseringskontakt i Vest politidistrikt**

Første mars i år leverte ekstremismekommisjonen sin rapport til Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Ein sentral del av arbeidet i kommisjonen var saksgjennomgang, der ein såg korleis samarbeidet mellom styresmaktar fungerte, og om det var høve for å stryke det.

Kommisjonen konkluderte mellom anna at det er felles trekk mellom dei som vert radikalisert; det er gjerne nokre underliggjande faktorar, og i mange høve handlar det om mangelfull omsorg i oppveksten. Det er med på å gjere ungdomane sårbare og meir mottakelege for ekstremistisk tankegods. Ingen av dei domfelte var heller i fast arbeid på tidspunktet for ugjerninga.

Ekstreme grupper tilbyr mening med kvardagen, fellesskap og identitet. Difor er det viktig å vere tidleg ute å stanse prosessane som bidreg til å rekruttere til slike miljø. Haga trekte fram Bergen kommune som døme på ein kommune som arbeider godt med dette. Bergen har ein eigen handlingsplan for førebygging av radikalisering (MENTOR-ordninga).

I tilrådingane sine peiker kommisjonen mellom anna på behov for ein betre organisering, frå nasjonalt og ned til regionalt nivå. Vidare tilrår den eit meir forpliktande samarbeid, kunnskap og kompetanse i det førebyggjande arbeidet, og betre ivaretaking og høve til medverknad for utsette grupper. Ei anna tilråding er at det er viktig å dele informasjon mellom etatane på eit tidleg tidspunkt.

Torgils Lutro supplerte innlegget med kommentar frå PST sin ståstad, og oppmoda alle i rådet om å lese rapporten. Skule- og helsesektoren er ofte dei som kan oppdage tilfelle av radikalisering på eit tidleg tidspunkt, men dei treng kunnskap om emnet for å kunne gjere noko.

Det vart stilt spørsmål om det er nokre fellestrekk mellom ekstremisme og truslar om skuleskyting som har vorre retta mot nokre skular den siste tida? Vest politidistrikt stadfesta at det har vore nokre truslar mot skular i Vestland, men at dei ikkje knyter dette til eit ekstremisme-/radikaliseringsspor.

[NOU 2024:3 Felles innsats mot ekstremisme: Bedre vilkår for det forebyggende arbeidet kan lesast her.](#)

## **Kraftrasjonering – ny forskrift og rettleiar – kva no? v/Mari Severinsen, ass. fylkesberedskassjef**

Ny [forskrift om handtering av energiknappheit og kraftrasjonering](#) trådde i kraft 01.01.24. [Tilhøyrande rettleiar](#) vart publisert 3.april.

Den nye forskrifta skal gjelde før, under og etter kraftrasjonering. Endringane i forskrifta omfattar mellom anna ei tydeleggjering av ansvar og roller, prinsipp for fordeling av energi ved kraftrasjonering og prinsipp for val og bruk av verkemidlar. Det er gått heilt vekk frå sonevis utkopling, og det skal i staden planleggast for rasjonering ved hjelp av næringskodar som alle sluttbrukarar skal delast inn i.

Med utgangspunkt i næringskodane skal sluttbrukarane grupperast inn i seks kategoriar; Liv og helse, kritiske samfunnsfunksjonar, viktige samfunnsfunksjonar, matforsyning, hushald, og næring og industri. Det vil i hovudsak vere sluttbrukarar i kategoriane "hushald" og "næring og industri" som skal ha kvotar, dei resterande kategoriane vil i utgangspunktet vere unnateke kraftrasjonering. Det er likevel viktig å understreke at det er venta at alle skal spare straum.

Rolla til Statsforvaltaren har blitt tydeleggjort, mellom anna gjennom eit konkret ansvar for kartlegging av enkelte næringskodar som omfattar sentrale aktørar i kommunane og hjå regionale aktørar.

Det er starta opp eit arbeid hjå nettselskapa med å sjå på korleis ein reint teknisk kan løyse inndelinga i næringskodar og oppbygginga av det praktiske systemet. Statsforvaltaren vil gå i dialog med dei to KDSane (kraftforsyningas distriktssjefar) i fylket om korleis vi skal følgje opp dette i praksis, og kjem tilbake med informasjon når det er avklart.

Atle Isaksen i Linja AS: Kvoterasjoneringa fungerer som eit to-pris-system basert på at straummålaren i huset rapporterer kor stort forbruket er. Pris vil nyttast som verkemiddel for å «styre» straumbruken hjå forbrukarane. Det vil verte veldig dyrt å bruke straum ut over den tildelte kvoten. Eit stramrasjoneringsscenario vil ikkje oppstå plutselig, og det vil verte ei ein periode med tiltakstrapp før ei eventuell rasjonering.

## **Onsdag 17. april**

### **Prioritering av risikoreduserande tiltak og beredskapstiltak i 2024 v/Haavard Stensvand, fylkesberedskapsjef**

Oppfølgingsplanen for FylkesROS 2023-2026 vart behandla på møtet i fylkesberedskapsrådet i Florø i juni i 2023. Vi har utarbeidd ei prioriteringsliste for tiltak som Statsforvaltaren vil følgje særskilt opp i 2024. Dei prioriterte tiltaka omfattar mellom anna:



- Gjennomføre øvingar for kommunar.
- Auke kompetansen om totalforsvaret, inkl. utarbeide gap-analyse for primærhelsetenesta.
- Delta i atomberedskapsøving i regi av Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) - ei skrivebordsøving som ein del av fylkesberedskapsrådet har fått invitasjon til å delta på.
- Utarbeide scenarivedlegg til fylkesROS om matvareberedskap/forsyningsberedskap.
- Følge opp beredskap for fjellskredobjekt i fylket, m.a. ved å støtte kommunane i Hardanger i arbeidet med å utarbeide planverk for risikoobjekt i Sørfjorden.
- Følgje opp arbeidet etter forskrift om handtering av energiknappheit og kraftrasjonering, med tilhøyrande rettleiing.

Statsforvaltaren vil ha ei fagsamling for kommunane 5.-6. november. Sentrale tema vil vere digital tryggleik, radikalisering, totalforsvaret og CBRNE-beredskap sett i lys av etablering av ny grøn industri. Alle aktørane i rådet er invitert til å delta. Vi vil kome tilbake med oppdatert informasjon om samlinga.

#### *Runde rundt bordet – større prosjekt/prioriterte tiltak hjå etatane i rådet*

HV: På militær side kjem det ein større planrevisjon, både i NATO og nasjonalt. Den vil endre litt på måten Forsvaret har tenkt forsvar av landet, og mottak av allierte (vertslandsstøtte).

Björgvin bispedøme: Ein viktig funksjon prestane har er å gå med bod om dødsfall på oppdrag frå politiet. Det vert jobba med eit etterutdanningsprosjekt som går på traumeoppfølging. Krisespsykologi-feltet er i endring og det er viktig for Kyrkja å vere oppdatert på dette.

Sivilforsvaret: Dei siste 30+ åra har organisasjonen vore kalibrert etter freden. Endringane i den tryggleikspolitiske situasjonen fører til ei justering inn mot det opphavlege mandatet; å ta vare på sivile i krig. I utdanningsløpet til tenestepiktige vert òg handtering av store menneskemengder og utøving av mynde tatt inn. Sivilforsvaret skal ivareta dei sivile under krig og må følgje bak Forsvaret i oppbygging av organisasjonane.

Politiet: Arbeider med å styrke beredskapen og å sjå meir på den alvorlege kriminaliteten. Samstundes er det viktig å kunne kommunisere klart og tydeleg med befolkninga. Den tryggleikspolitiske situasjonen gjer utslag ute i gata, t.d. i form demonstrasjonar som politiet må handtere. Ein ser elles eit skifte mot at system i politiet skal følgje NATO-standardar, m.a. måten å skrive ordrar på.

Helse Bergen: Øver meir enn tidlegare. Har òg forskingsaktivitet knytt til øvingsmetodikk. Tilgangen på kompetanse er noko å følgje med på i tida som kjem. Satsinga på Forsvaret etter ny langtidsplan vil kunne trekke folk til Forsvaret.

Eit innspel til rådet er å ta evalueringar frå øvingar eller andre hendingar inn i rådet, for å drøfte dei eller komme med innspel. I den grad hendingane rører ved fleire aktørar så er det læringsverdi i dei.

Bergen kommune: Er i sluttfasen med heilskapleg ROS der mange aktørar frå rådet har bidrege. Analysen skal behandlast i bystyret i juni, det er venta at det vil kome ei påfølgjande bestilling av ein handlingsplan. Kommunen arbeider saman med fylkeskommunen med å få på plass eit prosjekt som skal sjå på planverk for masseevakuering. Scenario må diskuterast i samarbeid med fleire.

Fylkesberedskapssjefen: Det er viktig at kommunane ser på dette med evakuering. Vi kjem stadig tilbake til fylkeskommunen sin rolle som ansvarleg for transport, og behovet for å definere kva denne rolla omfattar. Ei utfordring i øvre del av krisespekteret er at Forsvaret truleg vil leggje beslag på mykje av transportkapasiteten.

Røde Kors: Reviderer beredskapsavtalane dei har med kommunane for å verte tydelegare på kva kommunen kan vente av Røde Kors. Kjem òg til å ha auka merksemd på eigenberedskap. Folk må være budd på å klare seg sjølv fleire dagar.

Avinor: Det vil kome utfordringar i mange verksemdar om kva kritisk personell som må gjere teneste i Forsvaret ved ei mobilisering. Dette må avklarast på førehand. Vi må ha oversikt over det personellet som forsvinn.

HV: Det er ein kompleks sak å skulle bestemme kven som er å sjå på som kritisk personell hjå sivile aktørar. I dag vert dette praktiser slik at det er sektoren eller etaten sjølv som vurderer om personen er samfunnskritisk eller ikkje. Det at eiga verksemd vurderer kven som er kritisk personell, kan gje nokre rare utslag med omsyn til kven som får fritak frå teneste i Forsvaret.

Statsforvaltaren: Vi har gode erfaringar med prøveprosjektet i HV-09, der Statsforvaltaren og politiet vert involvert i avgjerda om kven som skal få fritak og ikkje.

Bjørgvin bispedøme: Krigsetikk – kva er legitime mål? Forsvaret bruker Bring og andre sivile aktørar, betyr totalforsvaret at heile samfunnet er legitime mål?

HV: Det er viktige spørsmål – kva slags forplikting har vi som militære? Vi er forplikta ovanfor krigens folkerett å skilje mellom sivile og militære. Det skal være tydeleg kva som er militære styrkar. Ved mobilisering må alt sivilt rekvirert materiell få ei militær drakt. Men konfliktane i nyare tid har vist at fienden ikkje alltid bryr seg om kva som er lovlege militære mål og ikkje. Rettsreglane i væpna konflikt/krig kan vere eit aktuelt tema i rådet ved neste høve. All relevant infrastruktur og industri som bidreg i forsvarskampen blir legitime mål.

## **Arbeid med totalforsvaret hjå Statsforvaltaren v/Mari Severinsen, ass. fylkesberedskapssjef**

### *Statusnotat*

Statsforvaltaren vil lage eit statusnotat knytt til arbeidet med totalforsvaret i fylke. Hovudmålet med notatet er å identifisere sentrale problemstillingar som må følgjast opp i det vidare arbeidet. Kommunane og aktørane i fylkesberedskapsrådet vil bli bedt om å kome med innspel til notatet. Notatet er planlagt ferdigstilt før utgangen av oktober.

### *Prioritering av forsyning av drivstoff*

Vi har på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet fått i oppdrag å bidra inn i arbeidet med prioritering av forsyning av drivstoff, med tanke på situasjonar med knapp tilgang på drivstoff. Ordninga skal bidra til å sikre at knappe ressursar vert prioritert til førehandsutpeikte bensinstasjonar der kritiske brukarar vert prioritert. Dette er eit supplement til eksisterande beredskapsplanar og -tiltak.

Statsforvaltaren skal med utgangspunkt i tre kriterium tilrå prioriterte stasjonar i eige fylke. Kriteria er; nærleik til kritiske brukarar og hovudvegar, geografi og befolkningstettleik. Maksimalt rundt 10-15% av bensinstasjonane i fylket kan ventast å verte prioritert.

I møte presenterte Statsforvaltaren kva stasjonar/område som vi tilrår at vert prioritert i Vestland. I rådet vart det spelt inn at det er viktig å sikre tilgang på drivstoff i tilknytning til dei mest sentrale fjellovergane i fylket.



## **Ei uroleg verd – korleis påverkar vår tryggleik og vårt beredskapsbehov? v/Cecilie Hellestveit, jurist og forskar ved Folkerettsinstituttet (*digitalt*)**

Hellestveit snakka om det globale bildet – teknologisk revolusjon, geopolitisk rivalisering, og ei «ommøblering» i verda der makt vert fordelt mellom fleire. Det er ein auke i væpna konflikhtar i verda. Det er mange småkonflikhtar med stor risikoen for eskalering. Korleis kan dette ramme Noreg?

Vi har fått ein ny militær frontlinje i Europa, der NATO står heilt opp til dei russisk linjene. Det er ikkje landkrigen som er krigen vi venter i framtida. Krig i framtida vil truleg gå føre i rommet, på sjøsida, i cyberdomenet og i informasjonsdomenet.

Hendinga med North Stream aktualiserer at Noreg kan verte råka, sidan vi er ein viktig energileverandør til Europa. Vi må tenke på korleis konflikhtar mellom andre aktørar, som Noreg ikkje er ein del av, kan påverke oss. Noreg kan bli råka som ein del av hybride verkemiddelbruk. Hybride verkemidlar kjem ikkje utan ein massiv desinformasjonskampanje. Vi må lærast opp til korleis vi skal skilje desinformasjon frå informasjon, og kvar ein kan oppsøke påliteleg informasjon. I framtida vil truleg det store slaget stå i informasjonsdomenet, og vi må førebu oss godt.

## **Risiko og sårbarheit ved etablering av grøn industri v/Johnny Breivik, kommunedirektør Øygarden kommune**

Kommunen set i liten grad krisestab, men arbeider med å etablere beredskapsarbeidet som del av den daglege drifta. Kommunen er ansvarleg for eige beredskapsarbeid, men har avtale med Samfunnssikkerhetens hus i Bergen for å sikre tilgang på kompetanse.

Energiparken er eit ettertrakta område for etablering. Det vert arbeidd med ny områdeplan for energiparken. Det inneber ROS-analyse og fastsetjing av omsyns-/sikringssoner. Det vert lagt vekt på å få til risikoreduserande tiltak og bygge beredskap i ein tidleg fase.

Det er mange store næringsverksemder som er etablert i Øygarden; Kollsnes, Sture-terminalen og fleire næringsverksemder i energiparken. Det er òg mykje infrastruktur som røyrleidningar knytt til oljeinstallasjonane. Kommunen har dei siste åra hatt ei utfordring med røyrleidningar, som etter bytte av eigarskap har fått utvida tryggingssone frå 25 meter i kvar retning til 205 meter. Det får store konsekvensar for busetnadar, skular og næringsutvikling i den utvida faresona.

Fylkesberedskapssjefen: Hydrogenproduksjon og grøn industri vil auke dei neste åra. Grøn energi og nye etableringar inneber ein del utfordringar knytt til tryggleik og beredskap som vi må vere merksame på. Statsforvaltaren arbeider med dette på fleire område.